

FØREORD.

Denne listekatalogen over arkivalia frå Helgeland, Søndre Helgeland, Alstahaug, Brønnøy og Nordre Helgeland/Rana sorenskrivarembete er utarbeidd i 1976-1977. Arkiva var langt på veg ferdigordna på førehand. Noko ordningsarbeid er gjort i tillegg, serskilt med Nordre Helgeland/Rana-arkivet.

Ein uferdig setelkatalog låg føre frå tidlegare, i hovudsak utarbeidd av J. Løkhaug i 1940-åra. Denne katalogen er komplett og utbygd, og har danna grunnlaget for listekatalogen.

Synnøve Rian har reinskrive katalogen.

SAT i mars 1978.

Brynjulv Gjerdåker

Tinglag

Ved kgl. res. 19.nov. 1824 vart det bestemt at gardane Skei, g.matr.nr. 28, n.matr.nr. 1, Våg, g.matr.nr. 2, n.matr.nr. 2, Åkerøya, g.matr.nr. 32, n.matr.nr. 3, Åker, g.matr.nr. 29, n.matr.nr. 4, Bø, g.matr.nr. 30, n.matr.nr. 5, Stavseng, g.matr.nr. 31, n.matr.nr. 6 og Stavsengvika, g.matr.nr. 47, n.matr.nr. 7, som alle hittil hadde høyrte til Alstahaug tinglag, skulle leggjast til Nesna tinglag, Dønnes anneks. Desse gardane fekk seinare gnr. 1-7 i Dønnes herad.

Ved kgl. res. 11.sept. 1839 vart 36 gardar lagde frå Vefsn til Alstahaug tinglag. Det galdt g.matr.nr. 1-4, 13-16, 136 (Tjøtta anneks), 134 og 137-162 (Stamnes anneks), n.matr.nr. 67-75 og 158-184. Dei første ni gardane fekk seinare gnr. 58-66 i Tjøtta herad, dei 27 andre gnr. 54-80 i Alstahaug.

Ved kgl. res. 19.april 1849 vart det bestemt at gardane Rundsvoll eller Erikliå, n.matr.nr. 154 og Skogsmo, eller Kammen, n.matr.nr. 155, skulle leggjast frå Vefsn til Rana tinglag. Desse gardane fekk seinare gnr. 24-25 i Hemnes herad.

Ved kgl. res. 7.okt. 1852 vart Rana tinglag delt i to, i Mo og Hemnes tinglag, som skulle svara til prestegjelda med samme namn. Helgeland sorenskriveri vart delt ved kgl. res. 5.mai 1859 i Søndre Helgeland og Nordre Helgeland sorenskriveri, Det første skulle omfata tinglaga Bindal, Brønnøy, Alstahaug og Vefsn, det andre tinglaga Nesna, Hemnes, Mo og Røddøy. I brev til amtmannen 12.nov. 1859 fortel sorenskrivaren m.a. at han overtok embetet 14. okt. s.å.

Meir om ting og tinghald s. XIX.

Søndre Helgeland sorenskrivarembete.

Søndre Helgeland sorenskriveri eksisterte i 60 år.

Ved kgl. res. 11.juli 1919 vart embetet delt i to, i Brønnøy sorenskrivarembete, som skulle bestå av herada Bindal, Brønnøy, Vik (sein. Sømna), Velfjord, Vega og Vevelstad, og Alstahaug sorenskrivarembete, som skulle bestå av herada Tjøtta, Stamnes, Alstahaug, Leirfjord, Herøy, Nordvik, Vefsn, Hattfjelldal og lade-
staden Mosjøen. Delinga skulle gjelda frå 1.aug. 1919.

Samstundes skifte Nordre Helgeland sorenskrivarembete namn til Rana sorenskrivarembete.

I denne 60-års perioden skjedde desse jurisdiksjonsendringane i Søndre Helgeland:

Ved kgl. res. 11. des. 1861, med verknad frå 1. mai 1862, vart Alstahaug prgj. delt i tre, i Alstahaug (Stamnes hovudsokn og Alstahaug annekssokn), Herøy (Herøy sokn) og Tjøtta (Tjøtta h.-sokn og Vevelstad annekssokn) prgj.. Samstundes med denne geistlege embetsdelinga skulle dei samme 3 prgj. gå over til særskilte formannskapsdistrikt.

Ved kgl. res. 12. jan. 1899 vart Alstahaug herad delt i to, i Alstahaug og Stamnes herad, som svara til soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 18. sept. 1914 vart Stamnes herad delt i to, i Stamnes og Leirfjord herad. Dei to nye herada svara til soknene med samme namn, idet Leirfjord samstundes vart etablert som eiga sokn, ved utskiljing frå Stamnes sokn. Til Stamnes skulle høyra gnr. 29-39, til Leirfjord gn.r 40-82. Heradsnamnet Stamnes vart endra til Sandnessjøen ved kgl. res. 19. mars 1948.

Ved kgl. res. 12. mars 1915 vart Tjøtta herad delt i to, i Tjøtta og Vevelstad herad, som svara til soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 17. nov. 1916 vart Herøy herad delt i to, i Herøy og Nordvik herad, Dei to nye herada svara til soknene med samme namn, idet Nordvik sokn vart etablert samtidig, ved utskiljing frå Herøy. Nordvik skulle omfata gn.r 21-53 og 56-59.

Ved kgl. res. 16. nov. 1861 vart Vefsn delt i to formannskapsdistrikt, i Vefsn og Hattfjelldal, som svara til prestegjelda med samme namn. (Hattfjelldal prgj. var blitt skipa ved kgl. res. 3. aug. 1859, ved utskiljing frå Vefsn).

Losse- og ladestad-rettar for Mosjøen vart fastslått ved lov av 11. april 1874 (sjå Norsk Lovsamling b. II, 1861-1885, v/ Otto Mejlønder).

Ved ein Åstadsrett i Schrøders enkes hus i Mosjøen den 31. juli 1874 vart utstrekning og grenser for den nye ladestaden fastsette. (Sjå Søndre Helgeland ekstrarettsprotokoll nr. 3, 1870-1876, fol. 277a).

Sj. vidare u. Brønnøy og Alstahaug sorenskr.

Vedr. illustrasjon over heradsutviklinga i Søndre Helgeland, sjå felles-skille over denne utviklinga for heile Helgeland, s. XVI.

i Brønnøy.

Bindal har etter dette (pr. 1.12.1977) gnr. 1-67, 83 bnr. 1-2, 84 og 87-102.

Brønnøy herad.

Om utskiljing av 1. Velfjord i 1875 og 2. Vik (Sømna) i 1900 - sjå u. Søndre Helgeland sorenskr., "Herad", s. III.

Brønnøysund ladestad/bykommune.

Brønnøysund vart ladestad ved lov av 14.juli 1922, ved utskiljing frå Brønnøy herad. Lova, m/grensebeskrivelse m.m., er innført i Norsk Lovtidende 2.avd. 1922, s. 334-336.

Grenseoppgangsforretning for ladestaden Brønnøysund, appr. 27. jan., tingl. 15.feb. 1923, er innført i Brønnøy pantebok nr. 2 - 704.

Ved kgl. res. 7.des. 1962 vart Brønnøy nye herad etablert, ved at tidl. Sømna, med gnr. 1-73, Brønnøy herad og Brønnøysund bykommune, med gnr. 74-113, tidl. Velfjord herad, med tidl. gnr. 1-87, nå endra til gnr. 114-200 i Brønnøy, og Tosen - Landeområdet frå Bindal herad (sjå u. Bindal herad), vart slått saman. Etter dette har Brønnøy herad hatt gnr. 1-218.

Ved kgl. res. 23.juli 1976 vart Brønnøy herad delt i to, ved at tidl. Sømna herad vart skilt ut og etablert på nytt som eige herad. Pr. 1.12.1977 er tingingane om grensa mellom dei to nye herada enno ikkje sluttførde mellom partane. Ein kan derfor enno ikkje seia noko sikkert om kva for gardar som kjem til å gå attende til Sømna; men det området nye Sømna skal omfata, blir ikkje identisk med Sømna herad frå før 7.des. 1962.

Sømna herad.

Sjå u. Søndre Helgeland sorenskr., "Herad", s. III, og u. Brønnøy herad.

Vega herad

Etter at Skålvær, gnr. 91, vart lagd attende til Alstahaug sorenskrivarembete i 1970 (sjå u. "Avgang/tilgang", s. V), har Vega herad (pr.1.12.1977) hatt gnr. 1-46 og 92-102.

Ved kgl. res. 21.des. 1962 vart Tustervass- og Røssvassbuktområdet av Hattfjelldal herad i Alstahaug sorenskr. overført til nye Hemnes herad i Rana sorenskr.. Området omfata gnr. 71, bnr. 1, som fekk nytt gnr. 150, bnr. 1 i Hemnes, gnr. 70-60, som fekk nye gnr. 151-161, og gnr. 59, bnr. 2, som fekk nytt gnr. 162, bnr. 1 i Hemnes. Den nye gnr.-rekkefølga er altså omvendt etter overføringa samanlikna med den gamle i Hattfjelldal.

Ved kgl. res. 15.mars 1963 vart gml. Nesna herads område sør for Ranafjorden (Fagervik - Låvong - Bardal) overført til Leirfjord herad. Samstundes gjekk området frå Rana til Alstahaug sorenskr.. Dette området omfata tidl. gnr. 65-94 i gml. Nesna, nå endra til gnr. 83-109 i Leirfjord.

Om overføring av Skogsholmen skulekrins til Vega herad, Brønnøy sorenskr. i 1964, og tilbakeføring til Alstahaug sorenskr. av Skålvar (gnr. 91) i 1970, sjå u. Brønnøy sorenskr., "Avgang/tilgang", s. V.

Tinglag

I plan for inndeling av rikets domsokn i tinglag av 11.feb. 1927 er det fastslått at Alstahaug skal vera delt i 2 tinglag: Alstahaug tinglag, av herada Tjøtta, Stamnes, Alstahaug, Leirfjord, Herøy og Nordvik, og Vefsn tinglag, av herada Hattfjelldal og Vefsn, forutan Mosjøen ladestad.

Skjematisk oversikt over tinglagsutvikling i Helgeland, sjå s. XII.

Herad

Alstahaug herad

Om deling av Alstahaug herad i 1861 og 1899, og deling av tidl. Stamnes herad i 1914 og tidl. Tjøtta herad i 1915, sjå u. Søndre Helgeland sorenskrivarembete, "Herad", s.III og IV.

Om overføring av garden Giskåa frå Tjøtta til Vevelstad i 1919, sjå u. Brønnøy sorenskr., "Avgang/tilgang", s. V.

Ved kgl. res. 12.juni 1964 vart nye Alstahaug herad etablert, ved at gml. Alstahaug (forutan skulekrinsane Husvær og Brasøy/Prest-

Ved kgl. res. 25.febr. 1927 vart Vefsn herad delt i tre. i Drevja, Vefsn og Grane herad, som alle svara til dei nyoppretta soknene med samme namn.

Ved kgl. res. 7.jan. 1950, med verknad frå 1.juli s.å., vart Mosjøen utvida, Denne resolusjonen, m.bl. a. grensebeskrivelse, er trykt i Norsk Lovtidsende 2.avd. 1950, s. 4-5.

Ved kgl. res. 24.mai 1961 vart Mosjøen bykommune og Vefsn herad, med gnr. 1-11, 13-31, 33, 84-148, 151-161 og 199-201, Drevja herad med gnr. 149-150, 162-198, og Elsfjord herad (sjå u. "Avgang/tilgang") med tidl. gnr. 12-41, nå endra til gnr. 204-233 i Vefsn, slått saman til eitt herad, Vefsn.

Vefsn herad har etter dette (pr. 1.12.1977) gnr. 1-11, 13-31, 33 84-201 og 204-233.

Grane herad.

Om utskiljing av Grane frå Vefsn i 1927, sjå u. Vefsn herad. Grane herad har (pr.1.12.1977) gnr. 34-83 og 202-203.

Hattfjelldal herad.

Om deling av Vefsn i Vefsn og Hattfjelldal i 1861, sjå u. Søndre Helgeland sorenskr., "Herad", s. III.

Om overføring av område frå Hattfjelldal til Hemnes i 1962- sjå u. "Avgang/tilgang" s. VII.

Hattfjelldal herad har etter dette (pr. 1.12.1977) gnr. 1-59, 63 (del) og 71-87.

Skjematisk oversikt over heradsutviklinga i heile Helgeland, s. XV.


Nordre Helgeland/(frå 1919) Rana sorenskrivarembete.

Om deling av gml. Helgeland sorenskr. - sjå u. dette , s.II.

Avgang/tilgang.

Om avgang av område Nesna - Leirfjord i 1945,
om avgang i samband med etablering av Dønna herad i 1961,
om avgang (Elsfjord) i samband med etabl. av Vefsn herad i 1961,
om tilgang på område Hattfjelldal - Hemnes i 1962,
om avgang av område Nesna - Leirfjord i 1963,
sjå u. Alstahaug sorenskr., "Avgang/tilgang" s. VII.

Skjematisk oversikt over tinglagsendringer frå ca 1800-1952
for heile Helgeland:



1-11, 42-64, 66 og 99, bnr. 1, bruka i gml. Hemnes herad, med gnr. 65, bnr. 1-14, tidl. Korgen herad, med gnr. 100-149, og område av Hattfjelldal herad (sjå Alstahaug sorenskr., "Avgang/tilgang", s. VII) med nye gnr. 150-162.

Hemnes herad har etter dette (pr. 1.12.1977) bn.r 1-11, 42-66, 99-162.

Rana herad

Ved kgl. res. 7.juli 1922 vart heradsnamnet Mo endra til Nord-Rana.

Ved lov av 7.juli 1922 vart ladestaden Mo oppretta, ved at Mo vart skilt ut frå Mo herad. Vedr. grensebeskrivelse m.m. for den nye ladestaden, sjå Norsk Lovtidende 2.avd. 1922. s. 273-275.

Ved kgl. res. 29.sept. 1961, med verknad frå 1.jan. 1964, vart Mo bykommune og Nord-Rana herad, med gn. 1-147, gardane i tidl. Sør-Rana herads område nord for Ranafjorden, med tidl. gnr. 67-99, nå endra til gnr. 179-151, 148-150 og 180 (NB rekkefølga !) i Rana, og gardane i Sjona-avsnittet av Nesna herad, med tidl.gnr. 27-45, nå endra til gnr. 199-181 (NB rekkefølga !) i Rana.

Rana herad har etter dette (pr.1.12.1977) gnr. 1-199.

Lurøy herad.

Kved kgl. res. 1.april 1871 vart Lurøy herad delt i to, i Lurøy og Træna herad, som svara til soknene med samme namn.

Lurøy herad har (pr. 1.12.1977) gnr. 1-51.

Træna herad.

Sjå u. Lurøy herad (ovafor).

Træna herad har (pr. 1.12.1977) gnr. 1-8

Sorenskrivarar i Helgeland.

Hanssen, Laurits	1613-1628	
Munch, Christopher	omkr. 1640	
Hanssen, Jesper	omkr. 1647	
Mørck, Christopher	-1662	
Falch, Peder Pederssen	1693-1711	
Angell, Peder Claussen	1711-1724	
Dass, Søren Jacobsen	1724-1736	Son til Jacob P. Dass.
Lessøe, Jens Larssen	1736-1763	
Brodtkorb, Niels Gierbrand	1763-1791	
Holst, Alexander	1791-1829	
Arndtsen, Ole	1830-1842	Arndtsen kom seinare til Bamble, og vart her dømd frå skrivarembetet sitt i 1846 for å ha mishalde dette og embetet han hadde hatt i Helgeland.
Hansen, Fredrik Christian	1842-1857	Hansen vart også dømd frå embete. det skjedde 8.des. 1857.

Holst budde på Offersøy, g.matr.nr. 43 i Alstahaug (Tjøtta), sein. gnr. 85 i Tjøtta. I 1801 var han overhovud for ein husstand på 30 medlemmer, herunder ein tenarstab på 15 personar.

Arndtsen budde på Skjeggenes, n.matr.nr. 110, sein, gnr. 7, i Alstahaug.

Hansen budde først på Søvik, n.matr.nr. 111, sein. grn. 8, i Alstahaug, så på Herten, n.matr.nr. 112, sein. gnr. 9, også i Alstahaug. I samband med at Helgeland sorenskriveri vart delt, vart det bestemt at skrivaren i Søndre Helgeland skulle ha tilhald i Alstahaug, og Herten var skrivargard sålenge dette embetet eksisterte.

Sorenskrivarar i

1. Søndre Helgeland

Engelsen, Hans Jensenius	1859-1870
Dahl, Lorents Segelcke	1870-1877
Erlandsen, Riulf Engebret	1877-1905
Dahl, Gerhard Geelmuyden	1905-1911
Kastrud, Markus Halfdan	1911-1918

Bruket var skyldsett med 3 dalar 16 sk., og gjekk for 6000 spd..

Skrivarane Alme, Bergh og Killingstad hadde tilhald på Saura (Handnesøya) og Vikholmen. Frå og med Rambechs tid (1904-) har skrivarane i dette embete hatt kontor og bustad på Mo.

Ting og tinghald m.m. på Helgeland.

Ved forordn. 5.mai 1797 vart det bestemt at ekstraordinære månads-saketing skulle haldast attåt dei vanlegesake- og skatte-tinga. Forordninga galdt landdistrikta i Norge, med unntak av

- a) Finnmark sorenskriveri, der rettargangstrettene var så sjeldne at dei vanlege tinga tok unna dei sakene som vart melde, og
- b) sjø- og fjell-distrikt som av klimatiske/topografiske omsyn gjorde tinghald vanskeleg i vinterhalvåret.

Desse ekstratinga ville medføre store ekstrakostnader og mykje reising for sorenskrivaren om dei skulle haldast særskilt i kvart tinglag. I § 2 er det forordna ei effektivisering, ved at kvart skrivardømme skulle inndelast i månadstingsavdelingar eller -krinsar, som ikkje skulle gjerast så store at nokon innbyggjar ville måtte reisa meir enn høyst 4 mil til tingstaden. Månads-saketinga skulle haldast først i kvar måned.

Vel to år etter vart også Nordlands amt dispensert frå påbødet om månadsting. Ikkje berre desse nye tinga, men endåtil dei to tradisjonelle sake- og skatte-tinga var det dårleg frammøte på, "formedelst Besværigheden og Næringsveiene i Amtet". I kans. prom. 6.okt. 1799 heiter det derfor at dette amtet og sorenskriveria Senja og Tromsø kunne unntakastfrå den ovannemnde regelen om faste månadsting. Amtmannen i Nordland skulle heretter avgjera tidspunktet for ekstrarettar, for at straffesaker skulle kunna fremjast så snøgt ein såg seg råd med det.

På ettervinteren var ein stor del av dei mannlege helgelendingane på lofotfisket. Derfor høvde det dårleg at fut og skrivar heldt ting, vårting, rundt påsketider. Dette var grunnen til at vårtinget endeleg vart avskaffa i dette skrivardømmet, i første omgang for 2 år framover, i 1825 (kgl. res. 19. april 1825).

Ved kgl. res. 18.jan. 1828 vart dette vedtaket gjort gjeldande også for året 1828.